

STRYN KOMMUNE

MØTEBOK

KONTROLLUTVALET I STRYN KOMMUNE

Møtestad:	Møterom 3108	Møtedato:	14.06.2012	Frå kl. :	10:15
Kommunehuset				Til kl. :	15:10

Faste medlemmer i Kontrollutvalet :	Møtte:	Fortall:	Merknader :
Rune Myklebust	X		
Aud Jorunn Hool Egge		X	
Henny Karin B Staalnacke	X		
Rune Holen		X	
Oddvar Bergset	X		
Varamedlemmer :	Møtte:		
Knut Johan Tjugen			
Eli Folven			
Terje Solvang	X		
Jørn Ola Svingset			
Otto Rune Vik			
Tor Bjerknes			
Rasmus Guddal	X		
Matias Magne Sølvberg			
Margun Skiftesvik			
Arild Kåre Abrekk			

Ordføreren har møte og talerett i utvalet:

Ordfører Sven Flo og rådmann Per Kristian Storevik får tilsendt møteinnkalling til utvalet sine møte.

Andre som møtte :

SEKOM-sekretariat Asgeir Tveit
KIN v/Haldor Sunde og Markvard Sunde.
Økonomisjef Johnny Hove.

Saker som vart handsama / drøfta i møtet :**SAKLISTA I MØTET :**

- 015/12 Godkjenning av innkalling og sakliste.
- 016/12 Skriv og meldingar.
- 017/12 Årsrekneskapen 2011 - Stryn kommune.
- 018/12 Forvaltningsrevisjon.
- 019/12 Oppfølgingsliste 3-2012 Stryn.
- 020/12 Eventuelt.
- 021/12 Oppfølging av kommunestyrevedtak 007/11 Rekneskapar avslutta investeringsprosjekt - Økonomireglement Stryn kommune.

Merknader :


Det var ingen merknader til innkalling eller sakliste


UNDERSKRIFTER :

6783 Stryn


Rune Myklebust, leiar


Rasmus Guddal


Terje Solvang


Henny Staalnacke


Oddvar Bergset


Asgeir Tveit, sekr.

015/12 GODKJENNING INNKALLING OG SAKLISTE

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat
Dato: 06.06.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	14.06.2012	015/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

Det var ikkje merknader til innkalling og sakliste.

016/12 SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat
Dato: 06.06.2012.

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	14.06.2012	016/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

Saksvedlegg

SM 06-12: Fylkesmannen sin plan over tilsyn, konroller og kommunebesøk i 2012.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Skriv og meldingar vert teke til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

- Skriv og meldingar vert teke til vitande.

Saksutgreiing

SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld

Skriv og meldingar som vert lagt fram i møtet.

Saksopplysningar:

I saka ligg alle skriv og meldingar som har kome til sidan førre kontrollutvalsmøte.

Kontrollutvalet må vurdere om det er skriv/meldingar som bør løftast opp som eiga sak. Dersom det ikkje er skriv/meldingar som skal løftast opp som eiga sak, bør "skriv og meldingar" takast til vitande eller det kan gjevast ein kommentar til det enkelte skrivet.

Sekretariatet sine vurderingar:

017/12 ÅRSREKNESKAPEN 2011 - STRYN KOMMUNE

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat
Dato: 13.06.2012.

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	14.06.2012	017/12	-	Nei
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Ja

Saksvedlegg.

- Forslag til fråsegn frå kontrollutvalet i Stryn kommune.
- Rekneskap 2011. (Sendt frå kommunen).
- Årsmelding 2011. (Sendt frå kommunen).
- Revisjonsmelding, datert 13.06.2012.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Kommunelova.
- Kommunale budsjett- og rekneskapsforskrifter.
- Forskrift for kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Sjå vedlagte fråsegn frå kontrollutvalet om årsrekneskapen 2011 for Stryn kommune, datert 14.06.2012.

KONTROLLUTVALET SI FRÅSEGN TIL KOMMUNESTYRET:

- Sjå vedlagte fråsegn frå kontrollutvalet om årsrekneskapen 2011 for Stryn kommune, datert 14.06.2012.

ÅRSREKNESKAPEN 2011 - STRYN KOMMUNE

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld

Presentasjon og godkjenning av årsrekneskapen 2010 for Stryn kommune.

Saksopplysningar:

Sekretariatet viser til §§ 6, 7 og 8 i forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar av 1.7.2004. Sjå nedanfor. Desse heimlar kontrollutvalet sitt ansvar i samband med revisjon og presentasjon av rekneskapen.

Det er formannskapet som gjev innstilling/tilråding til kommunestyret. Formannskapet gjev innstilling/tilråding når revisjonsmelding føreligg og kontrollutvalet har gjeve si fråsegn.

§ 6. Regnskapsrevisjon

Kontrollutvalget skal påse at kommunens eller fylkeskommunens årsregnskap og kommunale eller fylkeskommunale foretaks årsregnskap blir revidert på en betryggende måte, herunder holde seg løpende orientert om revisjonsarbeidet og påse at dette foregår i samsvar med de bestemmelser som følger av lov og forskrift, god kommunal revisjonsskikk og kontrollutvalgets instruks, eller avtaler med revisor.

§ 7. Uttalelse om årsregnskapet

Når kontrollutvalget er blitt forelagt revisjonsberetningen fra revisor, skal utvalget avgi uttalelse om årsregnskapet før det vedtas av kommunestyret eller fylkestinget. Uttalelsen avgis til kommunestyret eller fylkestinget. Kopi av uttalelsen skal være formannskapet/kommunerådet eller fylkesutvalget/fylkesrådet i hende tidnok til at det kan tas hensyn til den før dette organet avgir innstilling om årsregnskapet til kommunestyret/fylkestinget.

§ 8. Oppfølging av revisjonsmerknader

Når revisor påpeker forhold i årsregnskapet, jf. forskrift om revisjon i kommuner og fylkeskommuner § 4, skal kontrollutvalget påse at dette blir fulgt opp.

Det skal også rapporteres om tidligere saker som etter utvalgets mening ikke er blitt fulgt opp på en tilfredsstillende måte. Kontrollutvalget skal gi rapport til kommunestyret eller fylkestinget om hvordan kommunestyrets eller fylkestingets merknader er blitt fulgt opp.

Etter §7, skal kontrollutvalet altså gje ei fråsegn til rekneskapen som skal stilast til kommunestyret. Formannskapet skal ha kopi av fråsegna. Forslag til fråsegn ligg ved. Til grunn for fråsegna ligg revisjonsmeldinga, årsmeldinga og rekneskapen.

Administrasjonen v/rådmann og fagansvarleg for rekneskap er innkalla til møtet og er budde på å gje nærare orientering om innhaldet i rekneskapen.

Kommunerevisjonen i Nordfjord er innkalla til møtet. Dei er og budde på å svara på spørsmål som kontrollutvalet ynskjer nærare informasjon om.

Sekretariatet sine vurderingar:

Sekretariatet sitt utkast til fråsegn er utarbeidd i samsvar med mal utarbeidd av NKRF i 2005/2006.

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn.

Til
Kommunestyret i Stryn

Stryn 14.06.2012

FRÅSEGN FRÅ KONTROLLUTVALET OM ÅRSREKNESKAPEN 2011 FOR STRYN KOMMUNE

Årsrekneskapen 2011 for Stryn kommune er handsama i kontrollutvalet i Stryn 14.06.2012.

Grunnlaget for handsaminga har vore:

- Den avlagte årsrekneskapen.
- Årsmeldinga frå rådmannen.
- Revisjonsmeldinga frå Kommunerevisjonen i Nordfjord datert 14.06.2012.

Årsrekneskapen er avgjeven av rådmannen.

Rekneskapen viser eit brutto driftsresultat på kr. 18,5 millionar, og eit netto driftsresultat kr. 15,9 millionar. Etter interne finanstransaksjonar er rekneskapen gjort opp med eit mindreforbruk på kr. 4,9 millionar.

Det er kommunestyret som gjer vedtak om disponering av resultatet.

Revidert budsjett på inntektssida var kr. 450,2 mill. Rekneskapen viser kr. 480,4 mill. Det er særleg postane "Overføringar med krav til motytingar" og "Rammetilskot" som har avvik i høve til budsjett.

Revidert driftsbudsjett på kostnadssida var kr. 449,0 mill. Rekneskapen viser kr. 461,9 mill. Avviket er fordelt på fleire postar i rekneskapen.

Revidert budsjett for resultat eksterne finanstransaksjonar var kr -19,0 mill. Rekneskapen viser kr. -18,9.

Netto driftsresultat er kr. 18,9 mill. betre enn budsjettert.

Rekneskapen spesifisert på dei ulike ansvarsområda i kommunen har eit samla meirforbruk på kr 1,9 millionar. Alle ansvarsområde har meirforbruk i høve til budsjett med unntak av sentraladministrasjonen som har mindreforbruk. Det vert vist til side 23 i årsmeldinga. Administrasjonen skriv at det må vere eit sterkt fokus på samsvaret mellom budsjett og rekneskap framover.

Investeringsrekneskapen er avslutta med eit udekka beløp på kr. 15,1 mill. Akkumulert udekka beløp i investeringsrekneskapen utgjør pr. 31.12.2011 kr. 34,8 mill. I note 18 til rekneskapen går det fram at beløpa må dekkast inn i 2012, og at det vil bli lagt fram eiga sak for kommunestyret for prosjekt med

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 Vø 951 39 762 Vø	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn.

overskriding av kostnadsråma og/eller manglande finansiering. Stryn kommune hadde tilsvarende kommentarar i note 18 i fjor. Det kan derfor sjå ut som at slik sak som nemnt ikkje er lagt fram for kommunestyret.

Kontrollutvalet gav i 2010 tilråding til kommunestyret om at sluttrekneskapar etter investeringsprosjekt skal leggjast fram for kontrollutvalet til uttale før vidare handsaming i formannskap og kommunestyre. Kommunestyret har gjort vedtak om at administrasjonen skal førebu sak til kommunestyret om dette. Det er ikkje registrert av kontrollutvalet at slik sak har vore til handsaming i kommunestyret. Kontrollutvalet vil følge opp dette i 2012.

Kommunen si totale langsiktige gjeld har auka frå kr. 318 millionar til kr. 327 millionar. Kontrollutvalet er uroa over den høge gjelda til kommunen, som vil medføre vesentleg auke i finanskostnader ved renteauke.

Likviditeten synest å vere på eit tilfredsstillande nivå. Arbeidskapitalen er positiv. Jfr. Balansen og Note 1 til rekneskapen.


Kontrollutvalet viser til årsmeldinga frå administrasjonen.

Kontrollutvalet viser til revisjonsmeldinga datert 14.06.2012 som erstattar revisjonsmelding av 17.04.2012. Revisor har i revisjonsmeldinga merknad til at rekneskapen er avlagt for seint. Fristen for levering av rekneskapen er 15. februar og fristen for å skrive revisjonsmelding er 15. april. Kommunerevisjonen i Nordfjord har i samsvar med forskrifta den 17.04.2012 lagt fram revisjonsmelding der det går fram at årsrekneskapen ikkje er lagt fram til rett tid.


Kontrollutvalet meiner at arbeidet med rekneskapsavslutninga for komande år må planleggjast slik at Stryn kommune held desse fristane. Kontrollutvalet hadde tilsvarende merknad i si fråsegn til årsrekneskapen for 2010. Kontrollutvalet vil ha tett oppfølging på dette i samband med årsrekneskapen for 2012.

Kontrollutvalet meiner at rekneskapen for Stryn kommune, med merknaden om at årsrekneskapen er avlagt etter fristen, kan godkjennast slik han ligg føre.



Rune Myklebust
-leiar-




Henny Karin B Staalnacke



Oddvar Bergset



Terje Solvang



Rasmus Guddal

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 Vø 951 39 762 Vø	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

018/12 FORVALTNINGSREVISJON

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat
Dato: 06.06.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	14.06.2012	018/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

Saksvedlegg

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Kommunelova.

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar av 15.06.2004.

Forskrift om revisjon i kommunar og fylkeskommunar av 15.06.2004.

Kontrollutvalssak 028/11 og 010/12.

Diskusjon rundt aktuelle prosjekt:

- Refusjon frå NAV – nokre krav vert avvist. Det vert vist til årsrapport frå Helse og sosial. Aktuelle problemstillingar. Kontrollutvalet registrerer at det er store avviste krav i samband med svangerskapspermisjonar og sjukefråvær. Kontrollutvalet bør vurdere å sjå nærmare på årsaka til dette. Revisor vil sjå nærare på saka.
- Drift og vedlikehald av bygningar. Sannsynleg at problemstillinga er kjent, men at økonomien avgrensa.
- Det bør vurderast å velje nokre prosjekt som også andre kommunar har valt.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Sak om plan for Forvaltningsrevisjon for perioden 2012 – 2015 vert å ta opp på neste møte.

Kontrollutvalet sitt vedtak:

- Sak om plan for Forvaltningsrevisjon for perioden 2012 – 2015 vert å ta opp på neste møte.

FORVALTNINGSREVISJON

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld

Diskusjon og innspel rund plan for forvaltningsrevisjon 2012 – 2015.

Saksopplysningar:

Etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar skal kontrollutvalet sjå til at det årleg vert gjennomført forvaltningsrevisjon i kommunen. Det skal lagast plan for forvaltningsrevisjon i kommunen for valperioden innan 31.12. året etter kommunevalet, i denne omgong altså innan 31.12.2012. Kommunestyret skal vedta planen etter innstilling frå kontrollutvalet.

Planen for forvaltningsrevisjon skal vere basert på ein overordna analyse av verksemda i kommunen ut frå risiko- og vesentlegheitsvurderingar med sikte på å identifisere behovet for forvaltningsrevisjon på dei ulike einingane og tenesteyrmda.

Forvaltningsrevisjon er i forskrift om revisjon i kommunar og fylkeskommunar av 15.06.2004 definert som: *"Systematisk vurdering av økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknad ut frå kommunestyret sine vedtak og føresetnader. Under dette om:*

- a) *forvaltninga brukar ressursar til å løyse oppgåver som samsvarar med kommunestyret sine vedtak og føresetnader,*
- b) *forvaltninga sin ressursbruk og verkemiddel er effektive i høve til måla som er sett på området,*
- c) *regelverket vert etterlevd,*
- d) *styringsverktøy og verkemiddel til forvaltninga er føremålstenlege,*
- e) *vedtaksgrunnlaget frå administrasjonen til dei politiske organ samsvarar med offentlege utgreiingskrav,*
- f) *resultat i tenesteproduksjonen er i tråd med kommunestyret sine føresetnader og/eller resultat for verksemda er nådd."*

I kontrollutvalssak 028/11 "Overordna analyse", vedtok kontrollutvalet å tinge overordna analyse frå Kommunerevisjonen i Nordfjord.

Overordna analyse vart presentert av Kommunerevisjonen i Nordfjord i kontrollutvalsmøte 04.05.2012 i sak 010/12 Overordna analyse.

Ordførar og rådmann er 27.4.2012 tilskrivne for evt. å kome med innspel. Rådmannen er kalla inn til møtet 14.06.2012. Fylkeskommunen er 27.4.2012 tilskriven og beden om å kome med tilbagemelding om deira planar vedr. tilsyn med Stryn kommune. Deira oversikt over tilsyn, kontrollar og kommunebesøk for 2012 ligg ved som sm til møtet i dag.

Revisor og sekretariat har plan om å diskutere forvaltningsrevisjonsprosjekt i samband med møte i Gloppen 08.06.12.

Sekretariatet sine vurderingar:

Møtet opnar for vidare diskusjon om aktuelle prosjekt og plan vidare for arbeid med Plan for forvaltningsrevisjon. Sekretariatet vurderer det slik at sak om Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2012 – 2015 kan setjast på saklista til neste møte.

019/12 OPPFØLGINGSLISTE 3-2012 - STRYN

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat
Dato: 06.06.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutval	14.06.2012	019/12	-	Ja
Formannskap		-	-	
Kommunestyre		-	-	

Saksvedlegg.

- Oppfølgingsliste 3-2012 Stryn.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Oppfølgingsliste 3-2012 - Stryn vert teken til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

- Oppfølgingsliste 3-2012 – Stryn vert teken til vitande.

Saksutgreiing

OPPFØLGINGSLISTE 3-2012 - STRYN

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld

Saksoppfølging.

Saksopplysningar:

Etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 20 2. ledd skal sekretariatet bl.a. sjå til at utvalet sine vedtak vert sett i verk.

Sekretariatet har også som oppgåve å følge opp saker som vert tekne opp i kontrollutvalet. Dette kan vere saker, orienteringar og andre spørsmål som har vore handsama i kontrollutvalet, og som krev vidare handling.

Vedlagt følger ajourført oppfølgingsliste pr. 06.06.2012.

Lista vil bli oppdatert fortlaupande og lagt fram for kontrollutvalet i kvart møte.

Etterkvart som saker vert avslutta, vert dei tekne ut av lista.

Sekretariatet sine vurderingar:

Oppfølgingsliste 3-2012 - Stryn.

Status saker handsama og spørsmål tekne opp i kontrollutvalet i Stryn kommune

Saker som er avslutta vil ikkje kome med på neste statusrapport.

013/10 Kontrollutvalsarbeid - tiltak	25.11.10		25.11.10 KU vedtak – - Det vert innført ordning med å kalle inn rådmannen for å få orientering om drifta på dei ulike områda i kommunen. - Det vert innført ordning med å leggje tertialrapportar fram for kontrollutvalet som skriv og melding. - Det vert innført ordning med å leggje tilsynsrapportar frå fylkesmannen og andre fram for kontrollutvalet som skriv og melding. - Kontrollutvalet ber Nordfjord kommunerevisjon om å leggje fram rapportar etter kvalitetskontrollar i høve til rekneskapsrevisjon og forvaltingsrevisjon i Stryn kommune fortlaupande. - Kontrollutvalet ber Nordfjord kommunerevisjon om å orientere om status i revisjonsarbeidet kring finansrevisjon ein til to gonger i året. Vidare vil kontrollutvalet be Nordfjord kommunerevisjon om ei generell orientering om revisjonsarbeidet.
019/11 Rapport forvaltningsrevisjon – Vurdering av rutinar og system for innkjøp av utstyr og inventar.	08.09.11		08.09.11 Tilråding til kst. 08.09.11 s/kst 20.09.11 Vedtak kst sak 046/11 Forvaltningsrevisjonsrapport – Vurdering av rutinar og system for innkjøp av utstyr og inventar i skulane i Stryn kommune.
08/12 Godkjenning av innkalling og sakliste.	04.05.12		04.05.12 Vedtak KU – ikkje merknader
09/12 Skriv og meldingar.	04.05.12		04.05.12 Vedtak KU – Teke til vitande.
10/12 Overordna analyse.	04.05.12		04.05.12 - Det vert vist til dokumentet Overordna analyse for Stryn kommune, datert 26. april 2012 og presentasjon av Overordna analyse av kommunerevisjonen i Nordfjord i møtet. - Overordnaanalyse vert å nytte som grunnlag for å prioritere prosjekt i plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2012-2015.
11/12 Orientering om status i revisjonsarbeidet v/revisor.	04.05.12		04.05.12 – Vedtak KU – Teke til vitande.
12/12 Vurdering av revisor sin ubundenskap.	04.05.12		04.05.12 – Vedtak KU – Teke til vitande, s kst til orientering.
13/12 Oppfølgingsliste 2-2012.	04.05.12		04.05.12 -- Vedtak KU – Teke til vitande.
014/12 Eventuelt.	04.05.12		04.05.12 – Kontrollutvalsmøte 14. juni vert å flytte til 8. juni. 01.06.12 Flytta kontrollutvalsmøtet attende til 14. juni.
015/12 Godkjenning av innkalling og sakliste			
016/12 Skriv og meldingar			
017/12 Årsrekneskapen 2011			

Stryn kommune			
018/12 Forvaltningsrevisjon			
019/12 Oppfølgingsliste 3- 2012 Stryn			
020/12 Eventuelt			

Oppdatert 06.06.2012.

020/12 EVENTUELT

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat

Dato: 06.06.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	14.06.2012	020/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

- Neste kontrollutvalsmøte vert flytta frå 6. september til 3. september.
- Det vert teke opp sak om å følgje opp kommunestyret sitt vedtak i sak 007/11
Rekneskapar avslutta investeringsprosjekt – økonomireglement Stryn kommune.

Saksutgreiing

Saker som kontrollutvalet ønskjer å kommentere, stille spørsmål ved eller ta opp i dette møtet eller i eit seinare møte, kan gjerast her.

021/12 OPPFØLGING KOMMUNESTYREVEDTAK 007/11 REKNESKAPAR AVSLUTTA INVESTERINGSPROSJEKT – ØKONOMIREGLEMENT STRYN KOMMUNE

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat
Dato: 14.06.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	14.06.2012	020/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

Saka vart teken opp i møtet:

Kommunestyret gjorde følgjande vedtak i sak 007/11 «Rekneskapar avslutta investeringsprosjekt – økonomireglement – Stryn kommune»:

Med vising til kontrollutvalet sitt framlegg til vedtak, ber kommunestyret om at rådmannen førebur eiga sak der kommunen sitt samla økonomireglement blir gjennomgått og revidert. I dei høve det er manglande samsvar mellom økonomireglement og andre reglement, skal økonomireglementet vere overordna, og andre reglement tilpassast dette. Vi ber om at saka vert framlagt til politisk handsaming seinast innan september 2011.

Kontrollutvalet gav kommunestyret følgjande tilråding i sak 03/11 03.02.2011:

- *Økonomireglementet for Stryn kommune vert endra slik at det går fram av dette:*
 - o *At avslutta prosjektrekneskapar skal leggjast fram for kontrollutvalet for uttale før det vert sendt over til formannskapet for tilråding og kommunestyret for endeleg vedtak.*
 - o *At det i august/september vert lagt fram ein statusrapport for vedtekne investeringsprosjekt under arbeid.*
- *Stryn kommune sitt reglement for byggjesaksrutinar vert endra slik at det er i tråd med kommunen sitt økonomireglement på desse punkta.*

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

- Kontrollutvalet ber om at kommunestyret sitt vedtak i sak 007/11 vert gjennomført.